

ÅRSMELDING
SUNNFJORD IDRETTSRÅD
2021

STYRET:

- Jan Herstad, leiar (Tambarskjelvar IL)
- Tor Starheim, nestleiar (Førde IL)
- Bjørn Anders Steinsund, styremedlem (Jølster IL)
- Sigve Mandelid, styremedlem (Førde IL)
- Siss-May Edvardsen, styremedlem (Tambarskjelvar IL)
- Ole Morten Vassdal, styremedlem (Gaular IL)
- Oddny Sønnesyn, styremedlem (Førde IL)

- Agnar Bøyum, varamedlem (Jølster IL)
- Arthur Norevik, varamedlem (Førde IL)

UTVAL / KOMITEAR:

VALNEMND:

- Magne Faleide, leiar (Førde IL)
- Helge Robert Midtbø, medlem, (Førde Volleyballklubb)
- Ellen Bijsterbosch Van Hal, medlem, (Jølster IL)
- John Søgner, medlem, (Gaular IL)
- Jan Magne Åsnes, medlem, (Tambarskjelvar IL)
- Kirstin Bruland, varamedlem, (Friskis & Svettis)

KONTAKTGRUPPER:

Hafstadparken, samarbeidsnemnda:

- Tor Starheim

17.mai-komiteen:

- Oddny Sønnesyn

SAMARBEID:

Sunnfjord idrettsrådet har samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune som ligg til grunn for arbeidet. Sunnfjord idrettsråd arbeider med å få på plass ei heimeside under Sunnfjord kommune for å verte meir synlege for medlemmar og innbyggjarar generelt.

Merknad frå årsmøte:

Det er etablert heimesider i Sunnfjord kommune sin nettstad under aktiv kommune.

MØTER / TILSTELLINGAR / SAKER:

Sunnfjord idrettsråd vart skipa 28.oktober 2019. Førde idrettsråd vart avvikla på årsmøtet for 2019, og midlane frå Førde idrettsråd vart overført til Sunnfjord idrettsråd.

Året 2021 var prega av koronapandemien. Årsmøte var i Førdehuset 22.mars. I 2021 har vore halde 5 styremøter. Det har vore diverse møter med kommunen, idrettskretsen og andre interessegrupper.

Oppsummeringsmøte med kommunen i desember konkluderte med at det er viktig med god og tett dialog mellom kommunen og idrettsrådet. Kommunen blir etter dette invitert til alle styremøter. I juni blei idrettsrådet informert av Stian Grimset og Knut Folkestad om planane vedrørande å få VM 2025 i vektløfting til Sunnfjord.

Det har vore sendt uttale til kommunen om fotballhall i Hafstadparken og innspel til kommuneplanen.

I september var det opning av Skeihallen, Jølstrahallen og Halbrendhallen.

MEDLEMSTAL:

Medlemstala for Sunnfjord IR finn ein på lags- og aktivitetsoversikten utsendt frå idrettskretsen og i Sportsadmin til Norgesidrettsforbund.

<https://www.idrettsforbundet.no/digital/sportsadmin/>

MOTTEKNE MIDLAR:

Styret har i år motteke til fordeling kulturmidlar/driftsmidlar frå kommunen til idrettslaga med kr 510.000,-. Minstesats er kr 500, 1/3 etter medlemstall 6-12år og 2/3 etter medlemstall 13-19år.

Ordinære LAM-midlar med kr 1.985.417,-. Og ekstra ordinære midlar på kr 236.253,- Fordelinga er gjort etter medlemsregisteret som vi har mottatt frå idrettskretsen.

Totalt er det fordelt ut til idrettslaga kr 2.731.670,-

ANLEGG:

I samband med Handlingsplanen til kommunen har vi fått innspel frå medlemmane om viktige satsingsområder framover. Vi vil her spesielt nemne desse anlegga:

Hafstadparken, hoppanlegg er under planlegging, alt er klart for oppstart, men på grunn av bru/bane problematikken er dette utsett på ubestemt tid. Det har vore diskutert å flytte hoppanlegget til Vieåsen.

Hallkapasiteten i kommunen har komme seg mykje i løpet av 2021. Nye hallar på Skei, Vassenden og på Halbrend vil takast i bruk. Ny hall i Bygstad vil også komme til, truleg i 2022. I tillegg vert også Dragehallen opna opp att, no tillaga for turngruppa. Vi vil like vel gjere merksam på at det framleis vil vere underkapasitet ut i frå det behovet som vart meldt inn ved undersøkinga som Førde kommune gjennomførde i 2017.

Merknad frå årsmøte:

Sunnfjord kommune har ledig hallkapasitet, her er det gjerne spørsmål om kva tid som er ledig og kor det er ledig. Sunnfjord kommune sine sider under aktiv kommune viser kor det er ledig kapasitet.

Førdehuset, kommunen planlegg bygging av ny symjehall i 2024. Det er også utarbeid teikningar for Førde Arena. Dette er utviding av Førdehuset mot vest, og inneheld mange element som vi ikkje har gode løysingar på i dag. Førde IL, Førde industri og næringsssamskipnad og kommunen har fått Norconsult til å utarbeide desse planane etter dei innspel som er komne frå dei ulike idrettane i kommunen. Stadion ved Førdehuset er det også laga planar for, men her er alt usikkert pga vegomlegging/bru mellom Angedalsvegen og Hafstadparken. Det vart gjort vedtak om å behalde kunstgrasbana ved Førdehuset hausten 2020. Det skal leggest nye planar for arealet rundt Førdehuset. Fram til endeleg plassering av brua står alt på vent, og det er hemmande for vidare utvikling.

Idrettsrådet ved leiar var med på Førde IL si 100år markering i september på Scandic Sunnfjord Hotel.

Det er veldig stor aktivitet på bygging av anlegg. For 2021 er det inne søknader om spelemidlar for 30 ordinære anlegg, samla godkjend søknadssum kr 90.032.759,-, og 24 nærmiljøanlegg til samla godkjend søknadssum kr 5.576.000,-.

OPPGÅVER FRAMOVER:

Styret meiner at ein må halde fram, og arbeide for endå tettare og betre dialog med kommunen. Her er mange store og spennande anlegg som bør og skal realiserast i åra framover. Spesielt har vi utfordringar for hall-idrettane.

Det er no er bygd nye hallar både i Bygstad,på Halbrend, Vassenden og Skei, det er no behov for å sette fokus på Førde Arena, retta mot VM i vektløfting 2025.

VM 2025 i vektløfting kan verte det største idrettsarrangementet i Sunnfjord nokon gong. Det er viktig at både idrett, kommune og næringsliv støttar opp rundt prosjektet. Det er ønskje frå Førde IL og Tambarskjelvar at leiar i idrettsrådet vert

representant til styret for VM 2025. Dette er vi positive til og vil ta opp som sak i styret for idrettsrådet.

Idrettsrådet for Sunnfjord kommune ynskjer å vere involvert i utfordringane med drift av anlegga i den nye kommunen. Vi ynskjer å få oversikt over kva eigarskap dei ulike anlegga har, dagens driftskostnad og framtidige kostnader som er for dei ulike anlegg.

Utdanning av trenarar og leiarar er også noko vi vil oppmode våre medlemmar om å prioritere framover.

Sunnfjord idrettsråd arbeider med å få på plass ein kommunal sekretærfunksjon.

ØKONOMI:

Idrettsrådet er basert på dugnadsprinsippet, og har svært låge kostnader. Her viser vi til vedlagt rekneskap.

Naustdal, 23.04.2022.

Jan Herstad
-leiar-

Tor Starheim
-nestleiar-

Siss-May Edvardsen

Bjørn Anders Steinsund

Sigve Mandelid

Oddny Sønnesyn

Ole Morten Vassdal

